



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027

Samandrag av saka:

Budsjett for 2024 og økonomiplan for 2024-2027 ligg digitalt på denne nettsida:

https://pub.framsikt.net/2024/orsta/bm-2024-økonomiplan_2024-2027

Oppstilling etter § 5-4 Oversikt løyvingar til drift (1A) viser sum generelle driftsinntekter i 2024 på kr 901,4 mill. og sum netto driftsutgifter på kr 825,5 før avskrivningar. Brutto driftsresultat inkl. avskrivningar er positivt med kr 14,8 mill. Netto finansutgifter er negative med kr 109,9 mill.

Dette gir eit netto driftsresultat som er negativt med kr 34,1 mill. Meirforbruket vert dekt inn ved bruk av disposisjonsfond på kr 34,9 mill. etter at det er avsett kr 0,9 mill. netto til bundne driftsfond som i hovudsak gjeld sjølvkostfond og konsesjonsavgiftsfond.

Oppstilling etter § 5-5 Oversikt løyvingar til investering (2A) syner sum investeringsutgift på kr 285,6 mill. og sum bruk av lån på kr 232,2 mill. Løyvingar til vidareutlån (startlån) kjem i tillegg.

Kvart år skal det fattast eit nytt eigedomsskattevedtak. I forslaget til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er dette vidareført, men med ein auke i skattesatsen frå 2 ‰ i 2023 til 3 ‰ i 2024 og deretter til 4 ‰ for resten av økonomiplanperioden 2025-2027.

Oppstillingar etter § 5-4 Oversikter løyvingar til drift (1A og 1B) og oppstillingar etter § 5-5 Oversikter løyvingar til investering (2A og 2B) skal handsamast årleg av formannskapet. Formannskapet sitt framlegg til budsjett skal deretter leggjast ut på høyring i minimum 14 dagar og til slutt vedtakast av kommunestyret før årsskiftet.

Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek oppstillingar etter § 5-4 Oversikter løyvingar til drift (1A og 1B), oppstillingar etter § 5-5 Oversikter løyvingar til investering (2A og 2B) og dei andre punkta under framlegg til budsjettvedtak vert vedtekne slik dei ligg føre.

Saksopplysningar:

Budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 er laga med utgangspunkt i opphavleg budsjett 2023 vedteke i desember 2022 og investeringsplan 2024-2033 vedteken i juni 2023. I budsjettet for 2024 er det lagt til 4,3 % løns- og prisvekst og justert for sentrale og lokale tiltak.

Alle kommunalområda har over fleire år kutta kostnader så mykje som mogleg innanfor sine ansvarsområde. Dette har også vore gjort i budsjettet for 2024. Der det ikkje lenger er mogleg å redusere kostnader innanfor ordinær drift, vert det redusert ved forskjellige driftstiltak. Dersom drifta skal reduserast ytterlegare, må ein m.a. sjå på reduksjon i tenestetilbodet og endringar i struktur. Sjå oversikt over tiltak og kommentarar under dei ulike kommunalområda.

Det har heller ikkje i år vore mogleg å balansere budsjett og økonomiplan utan å måtte bruke ein relativt stor del av disposisjonsfondet. I budsjettet for 2024 er det lagt inn kr 34,9 mill. for å finansiere drifta. Det er i all hovudsak tiltak som ikkje er lovpålagde eller er underfinansierte som er finansierte med bruk av disposisjonsfond. Auken i renteutgifter som følgje av stigande gjeld og rentenivå er likevel den viktigaste årsaken til at kommunen no må bruke store delar av disposisjonsfondet for å legge fram eit budsjett i balanse.

Kommunedirektøren har gjennom fleire år fremja ulike innsparingstiltak for å møte dei framtidige utgiftene til t.d. auka lånegjeld og auka behov innan pleie og omsorg. Siden det dei næraste åra ikkje vil vere nok midlar på disposisjonsfondet til å dekke desse utgiftene på same nivå som tidlegare, ser ikkje kommunedirektøren annan utveg enn å tilrå ein auke i eigedomsskatten med 1 ‰ både i 2024 og 2025.

Målet er at auken i eigedomsskatten ikkje skal vare over tid og dersom det vert vedteke ytterlegare innsparingstiltak, strukturendringar eller det kjem andre hittil ikkje kjende inntekter, bør denne skatten reduserast så snart det er økonomisk forsvarleg.

I investeringsbudsjettet er det lagt inn kr 2,4 mill. til kjøp av aksjar i KLP. Som medlem i KLP (gjensidig selskap) er kommunen også eigar i selskapet. Som følgje av at selskapet sine forpliktingar aukar, må også eigenkapitalen styrkast. Eigarane får då krav om innbetaling av eigenkapitaltilskot. Dette kan ikkje lånefinansierast og vert difor finansiert ved bruk av bundne investeringsfond.

Oppstilling etter § 5-4 Oversikter løyvingar til drift (1A og 1B), oppstilling etter § 5-5 Oversikter løyvingar til investering (2A og 2B) kan vedtakast sjølv om det vert gjort endringar gjennom budsjettprosessen. Detaljbudsjettering for 2024 skal gjerast som følgje av budsjettvedtaket.

Investeringsplan:

Kommunedirektøren har over fleire år lagt fram forslag om ein meir realistisk investeringsplan, seinast i samband med rebudsjettering og ny investeringsplan i 2023. Det har vorte litt betre dei siste to åra, men framleis er investeringsplanen for omfattande. Politikarar og administrasjon må difor framleis arbeide for å gjere planen enno betre og meir tilpassa både økonomisk og praktisk kapasitet.

I saka om investeringsplan 2024-2033 vedtok kommunestyret i juni 2023 å utvide låneramma i samsvar med prisstigninga det siste året frå kr 1,41 mrd. til kr 1,50 mrd. eksklusive lån til sjølvkost og startlån. I følgje vedteken investeringsplan vil lånegjelda halde seg innanfor den nye ramma i 2024, men auke til kr 1,8 mrd. ved utgangen av økonomiplanperioden. Det er kr 301 mill. over den vedtekne grensa.

For å halde seg innanfor grensa kvart enkelt år bør låneopptaket i investeringsplanen reduserast med kr 180 mill. i 2025 og ytterlegare kr 140 mill. i 2026. Det er då teke omsyn til

rebudsjetteringa på kr 98,1 som omtala i budsjettet under punktet Hovudtala i budsjettforslaget og avsnittet Lånegjeld og minimumsavdrag.

Det er også i år lagt inn nokre nye investeringsbehov som har kome etter at investeringsplanen vart vedteken i juni, sjå eige punkt i forslaget til vedtak.

Vurdering og konklusjon:

Det er dei siste åra gjennomført store kutt i drifta. I budsjett og økonomiplan for perioden 2024-2027 er det også vidare lagt opp til store kutt. Å gjennomføre ytterlegare innsparingstiltak utan å sjå på strukturendringar vil vere særskild krevjande.

Store investeringar med auka rentekostnader og høgare minimumsavdrag etter 2020 grunna ny kommunelov pressar også drifta. Nye investeringar som vert prioriterte bør difor helst gi ein gevinst i form av reduserte driftskostnader.

Økonomiplanen skal medverke til val og prioriteringar som sikrar berekraftig drift av kommunen. Ørsta kommune tek store løft, samtidig som at fokus på kvalitet, leiding og effektiv drift må oppretthaldast.

Framlegget til budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 vert i år for andre år berre presentert på nett. Innhaldet er stort sett som tidlegare år og som vanleg vil du her finne mykje detaljert informasjon.

Kommunedirektøren tilrår at kommunestyret vedtek budsjett 2024 og økonomiplan 2024-2027 som vist til under punktet budsjettvedtak på denne nettsida:
https://pub.framsikt.net/2024/orsta/bm-2024-økonomiplan_2024-2027.

Likestillingsmessige sider ved saka: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Konsekvensar for folkehelsa: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Miljøkonsekvensar: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Økonomiske konsekvensar: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Beredskapsmessige konsekvensar: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Konsekvensar for barn og unge: Sjå detaljar i budsjettframlegget

Wenche Solheim
kommunedirektør

Jan Inge Bueide
økonomisjef